Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. Transport av höy. Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hattfjelldal.

Emne: Transport av höy. Bygdelag: Rösvatn.

Oppskr. av: Are Tustervatn. Gard: Tustervatn

(adresse): Hattfjelldal G.nr. 68 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei. mest etter andres röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Jakob Kvalbukt. född 17/4 1858 i Kvalbukt Hattfjelldal
yrke: Kårmann.

SVAR

1. Utmarksslåtten har halde seg i Hattfjelldal heile tida, - og ved Rösvatnet vart det også slått for i utmarka no sommaren 1947, men i mindre grad, av di det var så godt forår i år at dei fleste fekk mest nok på heimejordene.

Slåtten har halde seg like lenge på gamle gardar som på bureisingsbruk.

Dei som ikkje har hest, leiger höyköyrar hos dei som har hest; og får dei ingen höyköyrar, dreg dei sjölv höyet sitt heim på vinterföre, eller ber höyet heim i börer dersom det er laussnö og dåleg före så det ikkje let seg gjera å draga noko.

2. I skogen - på myrane - var det sjeldan höyet vart hesja, det vart jamt breidd utover myrane der det var så tört det kunne breiast, og så bakketörka der. Då det var tört, vart det så bore i sveip (börsvolk) eller

883

og på to staurar, eller det vart drege på to bjørker til løa eller høystakken.

Sveipen var ei mjuk ung bjørk med ei lykkja i grannenden. Den kallast og vedsåle. Å frakta høyet på den måten kallast å „bera i sveip".

I bratte bakkar la ein høyet på to bjørker og drog det nedover. Ein sa då at ein slødde høyet. Lasset var høgast bak.

Tau eller reip bruktest lite, for sveipen var betre å bera i. Der det var stutt veg til løa eller stakken, tok ein høykjemma i riva og bar på aksla.

Sveipen eller reipet heldt ein over aksla ikkje over hovudet.

Ved tunge bører hadde beraren hjelp med å reisa seg. Hjelparen stod bak og lyfte under børa.

Borna var med på høyberging og raka. Kvinna raka, mannen både raka og bar høyet i hop.

Kvinna trødde høystakken då den vart laga og mannen kasta opp høyet og raka av stakken og skapte han til.

Snorsekkar ikkje brukt her, likeins høyprestung.

Trillebør og handvogn ikkje brukt i skogen, berre på heimejordene. Den bruktest både av barn og vaksne og var likeins laga til all slags bruk.

„Høytang" for å køyra og draga høy på ikkje brukt.

883

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. Höyet vart köyrt heim på vinterföre då det var lettast og ein hadde best tid om vinteren. Likeins var det mange stadar så ülendt at det gjekk ikkje å köyra om sommaren.

4. Dei köyredoningane som bruktest i höyonna var stolhjülsvogn og slede, og somme stadar hjülslede.
Lengda på höysleden var omkring 1875: 3 alner, og breidda på sommarsleden 1 kvart breiare enn no.
Breidda er no 1 aln mellom meiane.
Vintersledane ~~var då~~ 4 alner lang og 1 aln mellom meiane på breidda.
Det var ikkje ütleggarar på dei fyrste sledane. Hjülsledane hadde meiar framme og hjül bak.
Sommarsledane var ütan skoning, men no er det også skoning på dei.
Ein köyrde alle stadar med meiar og hjül etter som föret var.
Dei hadde serskild vogn for höy- og kornköyring. Höyskrin var ikkje brukt för, - i gamal tid, - men no brukest skrinder. Då bruka ein höystong over lasset, eller ein skar seg små björker og la over höyet og gyrde lasset med.
Når ein la lasset opp, måtte ein kjemma höyet med riva for å få det til å ligga godt på sleden.
Gjorde ein ikkje det, vart lassa oftast smale og små, - og stutt höy reiste då ofte ünna stonga. Men



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

höystonga hadde ein nabbe på midten som gjekk ned i höyet, av di ho då ikkje skulle gli så lett unna. Framme var eit hol som ein sette eit reip gjennom og feste til sleden. Og attarst på stonga var det to nabbar som ein gjörde lasset fast på med reipet som var fest atte i sleden. Ein sa at ein gjörde lasset.

Det vart brukt 6 börer i lasset, og alle lassa var like store. Alt höyet vart skrapa saman, der låg inkje att.

Det var ikkje noko avgjort tillhöve mellom höystakk og lass. Derimot rekna ein 2 sommarlass til 1 vinterlass, eller 3 sommarlass til 2 vinterlass.

Det vart aldri brukt meir enn ein hest for sleden, korkje sommar eller vinter.

I gamal tid brukest ikkje framtre i sleden. Det var hol gjennom meiane der ein sette teinar i som ein feste skjokene til.
Skjokene hadde då ikkje spon, d.v.s skjokene hadde ikkje tre mellom kvar skåk, dei var kvar for seg.
Dette kallast for „reiene" og var brukt til ca 1877.

5. Ved Rösvatnet var ingen samslått. Dei slo kvar for seg, då utslåttane var bytte. Men kunne vel nytta köyrevegane til kvarandre, dersom utslåttane var i nærleiken.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Når det gjeld transporten av höy frå utmarka, så viser eg til punkt 1. Når det galdt bröyting av veg, så måtte ein stundom köyra til skogs utan slede, då sleden var for tung å draga med seg. Det var då nok berre med laus hesten. Det vart då ikkje for andre venda at ein kunne ta sleden med.

Köyredagen arta seg så ymis. Somme köyrde fleire lass når dei hadde fått opp veg, andre fåare ettersom ver og före var.

883
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING